

Årsmøtet i Norges Bondelag 2012

Tale av leder Nils T. Bjørke

Vegen til ei betre tid for norsk matproduksjon!

Kjære årsmøte, statsråd Lars Peder Brekk, gode bondekollegaer og gjester

Eg vil aller først vise eit kort klipp frå aksjonsdagen 21. mai!

Innleiing

Det vart nokre spesielle veker for Bondelaget no i mai. Eg er stolt over å stå her i dag og sjå ut over ei forsamling og ei organisasjon som har gjeve landbruket og Bondelaget stor, positiv merksemd den siste tida! Me tok ein alvorleg avgjerd då me gjekk for brot i jordbruksforhandlingane. Kort tid etter brotet vart me høgst synlege over heile landet, og vårt bodskap kom tydeleg fram! Takk for ein fantastisk jobb til dykk alle!

Og det var eit bodskap som vart godt motteke. Me har opplevd ei stor støtte blant medlemar og vene, og ikkje minst blant folk utanfor næringa. Det er ikkje tvil om at mange der ute vil ha norsk mat! Og det er stor forståing for at det må lønna seg å produsere denne maten!

Krevjande år

Det siste året har vore både krevjande og innhaldsrikt. Bondelaget har handtert særsviktige saker for landbruket. Matkjedeutvalet la fram rapporten sin om maktforholda i verdikjeden for mat, og me har bidrige til hovudkonklusjonane. Me fekk ei lenge etterlengta landbruks- og matmelding. Organisasjonen la ned eit stort arbeid både på førehand og framfor handsaminga i Stortinget for å tydeleggjere bodskapen vår og påverke innhaldet i meldinga. Eg vil òg nytte høve til å takke for eit særsviktigt samarbeid med samvirkeorganisasjonane, Småbrukarlaget og dei andre organisasjonane i landbruket. Når me dreg i lag, kjem me lengst.

Det er tolv år sidan sist me hadde brot i jordbruksforhandlingane. Brot er alltid siste utveg, så no handlar det om korleis me omset denne investeringa til naudsynte resultat framover.

Det har sjølv sagt vore ei mengd andre saker me har handsame i året som gjekk. Ein av dei er arbeidet med å utvikle og ta i bruk ny mediestrategi for heile organisasjonen – ei erfaring me fekk bruk for i dei travle vekene no i mai. Det var sjølv sagt kjekt at når me vart spurde av media om kven som hadde vore bondelaget sin medierådgjevarar, så kunne me svara at me ikkje hadde nytta nokon eksterne denne gongen. Gje gjerne ein applaus til Lise og Astrid og dei andre medarbeidarane på kommunikasjon og organisasjon!

Landbruket på omdømmetoppen

Heilt frå 1978 har me hatt målingar om kva folk flest meiner om norsk landbruk. På spørsmålet om folk vil oppretthalde eit landbruk på omlag same nivå som i dag, svarar 90 prosent – ni av ti nordmenn – ja. Det er tidenes toppnotering. Dei viktigaste grunnane som folk oppgjev for dette er at landbruket produserer mat av norsk kvalitet, og at landbruket gjev levande bygder med busetting og sysselsetting.

Som organisasjon møter me folk på mange arenaer, og me er dyktige på å skape oss slike arenaer. Årets påskekampanje er eit døme på dette. Rundt om i landet – som her i Gjerdrum i Akershus – blei kampanjen markert med mellom anna utdeling av egg til påsketuristar, og til lokal- og fylkespolitikarar. Positive bodskap bidreg til å skapa positive haldningar.

Eit anna døme er kåringa av Årets unge bonde i november i fjor, som Noregs Bygdeungsdomslag, Nationen og McDonalds stod bak. Elisabeth Holand var ein flott vinnar. Ved å trekke fram dyktige unge som satsar på norsk landbruk, får me og vist fram at norsk landbruk er ein attraktiv arbeidsplass. Men – og det er eit stort men – skal me lukkas med rekrutteringa til næringa, må dei økonomiske rammene betrast kraftig. Det må eit taktskifte til slik landbruksmeldinga legg opp til.

Landbruks og matmeldinga

God jobbing og god måloppnåing

Midt i desember i fjor, sa Regjeringa: "*Velkommen til bords*". Ei ny landbruks- og matmelding var forløyst. Eg må slå fast at svangerskapet vart langt, og terminen vart stadig flyttet ut i tid. Men då avkommet endeleg kom var det både livskraftig og i godt hold, med sine 300 sider.

Me arbeide godt og intenst i heile den lange svangerskapsperioden. Vår oppgåve var å tilføre avkommet dei eigenskapane me mente norsk landbruk ville vere best tent med i åra framover. Dei viktige eigenskapane vart mellom anna utforma i resolusjonen frå årsmøtet vårt i 2010. Der var me tydeleg på at matproduksjonen måtte aukast minst i takt med veksten i folketalet. Produksjonen av mat skulle i hovudsak baserast på norsk areal og lokale/nasjonale innsatsfaktorar. Graden av sjølvforsyning måtte aukast, og me understreka spesielt at den norske modellen måtte vidareførast. Det vart tydeleg poengert at jordbruket må ha arbeidsinntekt og velferdsnivå på line med andre yrkesgrupper.

Meldinga blei ikkje heilt i tråd med vår resolusjon og innspel. Eg tør likevel slå fast at den har mange likskapstrekk. Det viktigaste gjennomslaget er hovudmålet i meldinga; - auka matproduksjon i takt med befolkningsveksten med grunnlag i norske ressursar som beite og grovfôr. Ein god og heilt naudsynt målsetnad for landbruket framover sett i lys av dei globale utfordringane knytt til klima, vekst i verdas folketal og utfordringar med matforsyninga på kloden. Målet inneber ein klar dreining av politikken, i høve til førra landbruksmelding frå årtusenskiften. Diverre fekk me ikkje løfta ambisjonen så høgt som til å auke sjølvforsyningsgraden, men det er ikkje tvil om at produksjonsmålet er ambisiøst. Eg må minna om at dei åra dei raudgrøne har utøvd sin landbrukspolitikk, har produksjonen av mat berre auka med 1,5 %, medan folketalet har auka med omlag 8 %.

Det er synd at inntektsmålet ikkje vart så offensivt og konkret som me gjerne hadde ynskt. Målet skulle vore meir konkret i høve til å redusere inntektsavstanden til andre grupper i samfunnet vesentleg. Likevel, retninga er klår, regjeringa legg i meldinga opp til ein sterkare inntektsvekst for jordbruket framover, enn i åra me har lagt bak oss.

Eg er godt nøgd med at pilaren med vidareføring av den norske modellen er dunka enda lengre ned i bakken. Den står no støtt. Den norske modellen er avgjerande for utviklinga av landbruket. Understrekkinga om at handlingsrommet i importvernet skal utnyttast er òg særsviktig for å sikre volum av norskproduserte matvarer.

Stortingshandsaminga 12. april

I oppveksten vart meldingsbarnet mykje diskutert og Norges Bondelag la mange av premisseane for debatten. Den 12. april vart meldinga handsama i Stortinget. Dessverre må eg konstatere at meldinga ikkje fekk så brei politisk oppslutnad som førre melding. Krf gjorde eit godt arbeid med å trekke Regjeringa enno nærare våre synspunkt, men dessverre var ikkje dei raud-grøne innstilt på å gå lenger. Det er overraskande når ein veit kor viktig sentrumspartia er både for regjeringa og meldinga si vidare ferd. Det er ingen stor prestasjon for ei fleirtalsregjering å få støtte frå eigne parti i Stortinget.

Jordbruksoppgjeret

Konkretisering av meldinga - forhandlingane

Eit stort sagn i meldinga, er ei manglande konkretisering av verkemidla for å nå dei fastsette måla. Landbruks- og matministaren hevda med styrke at konkretiseringa ville skje i jordbruksoppgjeret. Forventningane vart skrudd opp og me valde å ta han på ordet i jordbrukets krav. Kravet inneheldt gode konkretiseringar for å nå dei landbrukspolitiske måla.

Kravet fekk tittelen *"Frå ord til handling"*. No var tida komen for å gjere dei fagre orda og løfta om til handling.

- Handling som skulle få positive, praktiske økonomiske konsekvensar for den einskilde bonde
- Handling som skulle gje dei unge tru på ei framtid i jordbruket.

Men kva fekk me sjå? Ei Regjering utan vilje til å følgje opp eigne ambisjonar, og ikkje noko meir. Eg må innrømme; det er frykteleg lenge sidan eg har vore så skuffa som onsdag den 9. mai då tilbodet kom.

Me hadde venta at Regjeringa hadde fylgt opp sine eigne ord om at:

"gode inntektsmuligheter er det viktigste virkemiddelet for å nå de jordbrukspolitiske målene"

Talmaterialet syner at inntektsutviklinga for oss bønder har vore omlag som for andre i samfunnet. Det hadde vore greitt om me hadde hatt eit inntektsnivå på linje med andre yrkesgrupper. Men for dei fleste produksjonar og bruksstorleikar skil det 100- til 250.000 kroner opp til andre grupper. Når inntektene i utgangspunktet ligg så lågt, og matproduksjonen i Noreg knapt har auka sidan Regjeringa kom til makta, er det utruleg at Regjeringa meiner at ei kromessig lik inntektsutvikling er nok til å auke matproduksjonen.

Den 12. april vedtok Stortinget at den inntektspolitikken som har vore ført frå 2005, skal vidareutviklast. Men 27 dagar seinare, då tilbodet kom, må det ha skjedd ei kortslutning. Alle forstår at ein vidareutvikling må vere noko meir enn ei vidareføring. Tilbodet innebar ikkje ein gong ei vidareføring. Var det noko poeng for oss å forhandle? Ja, det kunne det vore. Då måtte i så fall forhandlingsgevinsten langt overstege tidlegare forhandlingsgevinstar.

Bruddet

På pressekonferansen den 12 mai, poengterte Brekk fleire gonger at: *"dere ville jo ikkje eingong se hva som kunne oppnås gjennom forhandlingar"*. Men det var nettopp det me brukte dagane mellom den 9. og 12. mai til. Me hadde uformelle samtalar med Statens forhandlingsleiar. Informasjonen me fekk var tilstrekkeleg til å trekke ein konklusjon. Ein tung og alvorleg konklusjon for Norges Bondelag. Ein konklusjon eg i det lengste vona me kunne sleppa. Me måtte konstatere at tilbodet dessverre ikkje gav grunnlag for oss til å gå i forhandlingar.

Me valde difor å bryte. Norges Bondelag kan ikkje ta på seg ansvaret for eit jordbruksoppgjer som ikkje følgjer opp dei mål Stortinget vedtok berre 1 månad i førevegen ved handsaminga av "Velkommen til bords".

Kva hadde skjedd om me hadde skreve under på ei avtale med kronemessig lik inntektsutvikling som andre grupper i samfunnet? Jo, me hadde akseptert at vidareutvikling av inntektspolitikken er eintydande med vidareføring. Dermed ville me og akseptert at inntektene for bønder framleis skal liggje langt lågare enn andre grupper.

Så vil nokon spørje, kvifor braut de i år? De har jo forhandla fram avtalar med kronemessig lik utvikling tidlegare. Svaret ligg i landbruks- og matmeldinga. Som eg sa tidlegare: aksjonane er løfta opp, og inntektsmålet er sterkare enn i Regjeringserklæringa. Det utgjer ein skilnad. Det er berre å beklage at denne skilnaden ikkje vart følgd opp i tilbodet.

Aksjonar

Då brotet var eit faktum laurdag 12. mai, reagerte me som bønder momentant. Raskast på avtrekkaren var Dag Fredrik Eftedal frå Vestfold, som var på tur gjennom Oslo med traktor og åkersprøyte. Han kom til Landbrukets hus med traktoren sin, fekk på eit banner, og kjørte rett til Akersgata og Finansdepartementet for å vise si misnøye. Det førde til oppslag i mellom anna NRK, Aftenposten og VG, og vart ein bra start på aksjonen. Takk for initiativet, Dag Fredrik!

Frå måndag morgen aksjonerte bønder over heile landet. Ordførarar vart opphaldne, kyr plassert på rådhustrapper, rundballar blokkerte parkeringsplassar, landbruksmeldinga vart levert attende til politikarar, og rundballar med sure fjes eller bilde av Jens med hønse-lua vart sett ut over heile landet. Det vart uttryktærleg harme! Markeringane var kreative som sykkelen i Vestfold er eit døme på.

Frå tysdag kl. 05.00 vart Aksjon brødstopp sett i gang. Me blokkerte dei fire største matmjølverksemndene i landet, og blokaden heldt me i 26 timer. Me er glade for at aksjonen møtte forståing ved verksemndene. Takk til Felleskjøpet og Lantmännen og fagforeningane!

Samstundes mobiliserte me for å fjerne brødet frå butikkane. Forbrukarar over heile landet vart møtt med tomme brødhyller, og me fekk fram bodskapen om at norsk mat ikkje er ein sjølvfølgje. Me fekk utruleg mange positive meldingar undervegs. Me fekk tommelen opp for aksjonane våre frå mange forbrukarar, og opplevde stor støtte frå vanlege folk.

God planlegging er halve jobben, seies det. Me hadde aksjonsplanane klare, og medlemmane slutta heilhjerta opp om planane. Nokon vart overraska over at me klarte å få til massive aksjonar så raskt, men når bondelaget sitt organisasjonsapparat mobiliserar, er det få som kan konkurrere med oss i effektivitet! Takk til dykk alle som var med på å gjøre aksjonane vellukka, og takk òg for at de stoppa aksjonane då bodskapen vår hadde kome så tydeleg fram.

Eg tilte meg å sitera Andreas Hompland i Dagbladet den 10. juni: "Det gjeld å komme godt i gang på rett tidspunkt og slutta i tide. Bøndene klarte begge delar."

I ti dagar var landbruket og brotet ei hovudsak i media nasjonalt, regionalt og lokalt. Medieovervakinga viser tusen av små og store oppslag på nett, i aviser, i radio og på TV. Uvurderlege spaltekilometrar i høve til å få fram bodskapet. Me fekk terningkast seks av medieeksperter for aksjonane, gjennomføringa og den merksemda dei skapte. Eit klart bodskap frå heile organisasjonen om at tilbodet ikkje var nok til å auke norsk matproduksjon fekk gjennomslag.

Andre bodskap som blei kommentert var at det må lønne seg å produsere mat og at folk ønsker eit landbruk over heile landet. Eg er imponert over måten heile organisasjonen fekk fram bodskapen på.

Når brotet i tillegg så tydeleg vart ein overrasking for regjeringa, skapte det saman med pressoppslaga eit politisk press. Fleire ekspertar og kommentatorar, frå Steinar Mediaas i NRK til Frank Aarebrot ved Universitetet i Bergen, var tydelege på at brotet er ein belastning for regjeringa og set det raudgrøne samarbeidet i fare. I ein kommentar Dagsavisen 16. mai var konklusjonen den same.

Diskusjonen om det raudgrøne samarbeidet har halde fram sidan me avslutta aksjonane. Me brukar og skal framover bruka det politiske trykket som brotet og aksjonane har vore med å skape.

Innstillinga frå næringskomiteen vart som venta, og det blei ingen endringar i høve til statens tilbod. Det inneber eit brot med deira eigne målsetningar i meldinga. Det som er positivt er merknaden om å utnytte handlingsrommet i tollvernet. At dei gjentar dette gjev klare forventningar om at det blir fremja endringar i tollvernet i statsbudsjettet til hausten. Særs viktig er det at regjeringspartia er så tydelege på at dei vil leggja fram ein eigen lov om god handelskikk i denne stortingsperioden.

Me tykkjer Krf på ein god måte har markert at tilboden ikkje følgjer opp meldinga samstundes som dei respekterar forhandlingsinstituttet. Høgre og Frp sine merknader stadfestar vår skepsis til deira landbrukspolitikk.

Korleis skal me få noka att for innsatsen? Eller sagt med andre ord; Kva er den beste strategien for å oppnå eit taktskifte i ramevilkåra?

Me har takka nei til ei mogeleg forhandlingsgevinst. Me har brukt mykje tid og pengar på å gjennomføre aksjonar. Investeringa for framtida har vore stor, og me ynskjer sjølvsagt snarast mogeleg avkastning. Etter mi mening er det to topp-prioriterte saker me må få gjennomslag for:

- 1) Inntektsrammene i jordbruksoppgjeren 2013 må leggje til rette for at inntektsskilnadane til andre grupper i samfunnet reduserast vesentleg. Den sterke produktivitetsframgangen må vekslast inn i eit høgare inntektsnivå
- 2) Handlingsrommet i tollvernet må utnyttast for å sikre norsk volum.

Korleis skal me få på plass den politiske vilje til å satse meir på næringa?

Det er nok dessverre ein del av politikarane som meiner matproduksjon i Norge vil halde fram uansett. Forståinga for næringa sine utfordringar er ikkje på plass hjå toppolitikarane. Dei har heller ikkje tatt inn over seg at folk flest støttar opp om norsk matproduksjon. Gjennom aksjonane har me fått utruleg mange støtteerklæringer og tomlar opp frå Ola og Kari. Det kan straffa seg for dei raud-grøne å leggje seg ut med kjerneveljarane, enten dei er bønder eller høyrer heime i fagrørsla.

Mange, både på landet og i byane, ser verdien av å ha eit aktivt landbruk over heile landet. Dei som oss, har ein kjærleik til norsk mat. Dei set pris på eit vakkert kulturlandskap der dei bur og når dei er ute på reise. Folk skjønar at bønder må få betalt for den jobben dei gjer. Dei

synes heller ikkje at overføringane til landbruket som utgjer 1,36 prosent av Statsbudsjettet er urovekkjande høge. Men kvifor deler ikkje toppolitikarane desse synspunkta?

Det er ikkje tvil om at Finansdepartementet er ein formidabel maktfaktor for Regjeringa. Eg trur òg at øvste leiinga i Noreg i stor grad delar synspunkta frå Finans. Sjølv om nasjonen har råd til å auke overføringane, er likevel Finansdepartementet tilbakehaldande. Dei meiner bønder i Norge bør vært tilfreds med ein inntektsutvikling som andre yrkesgrupper og ser bort i frå at nivået er mykje lågare. Det verkar som om regjeringa knappast trur på forhandlingsmateriale som partane i jordbruksoppgjeret er samde om. Kanskje er regjeringa òg redde for at jordbruksoppgjeret skal gje smitteeffektar til andre grupper. Eg trur ikkje mange andre yrkesgrupper i Norge ynskjer seg bonden sitt inntektsnivå, så smitterisikoen er neppe stor. Jens Stoltenberg og dei rødgrøne har uttykt klare ambisjonar om å bli værande i regjeringslokala òg etter neste stortingsval. Då er mitt klare råd: Lytt meir til veljarane og grasrota enn til Finansdepartementet!!

Kva kan så Norges Bondelag gjera for å auke den politiske vilja til å satse meir på landbruket? Gjennom arbeidet med landbruksmeldinga har organisasjonen i alle ledd drevet aktiv politisk påverknad. Dei tok faktisk veldig mange av våre innspel heilt eller delvis til følgje i meldinga. Dette syner at politisk påverknad nyttar. Det vil gje resultat. Me må vidareføre og forsterke arbeidet mot politikarane. Me må gje dei kunnskap, og me må bli enno flinkare til å forklare konsekvensane av å halde inntektsnivået i landbruket nede. Det er viktig å gjere dette i alle organisasjonsledd, fordi eg trur dei sentrale politikarane lyttar meir på innspel frå eigne rekker. Dersom partifellar frå alle delar av landet vidareformidlar den bodskapen me har gjeve dei, har eg tru på at òg dei inste krinsane i Regjeringa lyttar.

Eg vonar sjølvsagt at politikarane gjennom brotet har sett at landbruket er sterkt og står samla, og har god støtte utanfor næringa. Lars Peder: Faglaga har eit ynskje om å få ei avtale neste år. Det vil sjølvsagt vere det beste for næringa. Men eg veit om nokon andre som òg har stor trong for å få til ei avtale neste år. Utan at kjerneveljarane får betre vilkår, trur eg risikoen for at det rødgrøne prosjektet ikkje held er stor. Ein kan alltid diskutera om alternativet er betre, men til sjuande og sist må ei regjering sjølv gjere seg fortent til fornøya tillit. Eg vil signalisera allereie no at Norges Bondelag heilhjerta ynskjer ei avtale neste år, men me kjem ikkje til å fungera som eit slags redningsselskap for ei regjering i naud i oppbrakt farvatn. Dei neste 12 månadene må me få gjennomslag for dei to hovudprioriteringane våre: inntekt og tollvern.

Før brotet var eit faktum, vart me åtvara mot at me no ville miste alle våre vene, og vere overletne heilt til oss sjølv. Men eg tykkjer me har fått fleire og knytt sterkare band med mange av våre vene. Eg tenkjer på forbrukarane, òg fagrørla, og då særleg Norsk Nærings og nyttelsesmiddelarbeiderforbund (NNN) og LO. Eg ynskjer enda sterkare allianse med desse gruppene. Då vil me saman kunne utgjere ein enno sterkare maktfaktor, og me kan saman oppnå gode resultat. Me er gjensidig avhengige av kvarandre.

Når det gjeld forbrukarane, så er me avhengig av deira tillit til norsk mat. Men utan gode ramervilkår for jordbruksoppgjaret vil matmangfaldet reduserast og kvaliteten gå ned. Det er ikkje forbrukaren tent med. Me må bygga allianse med forbrukaren. Her må faglag og samvirke samarbeide tettare enn i dag. Det brukast fleire hundre millionar årleg på marknadsføring av merkevarer og på generisk (merkenøytral) marknadsføring, men svært lite på å byggje opp næringa sitt omdømme. Eg er glad for at Tine presenterer mjølkeprodusentar på mjølkekartongane, og at dei andre samvirkeorganisasjonane òg er meir opptekne av å vise kor maten kjem

i frå. Eg meiner likevel at me bør gå lengre i å samordne innsatsen for å fremje næringa sitt omdømme. Eg vonar debatten vil klargjere om samvirket støttar opp om dette.

Rovdyr

Eg må og i år ta opp rovdyrfordringane. Rovdrysituasjonen er framleis ein svært alvorleg trussel for sauehaldet og for å nytta utmarksressursane. Me er positive til at det blei eit rovdyrforlik sist sommar som eit samla Storting står bak, men meiner at bestandsmåla vart sett for høge. Bondelaget vil fortsette arbeide for at bestandsmåla vert reduserte. Det er likevel bra at bestandsmåla er meir presise og at Direktoratet for naturforvaltning har økt uttaket av bjørn på vårsnø og uttaket av jerv. På kort sikt er det avgjerande at dei vedtekne bestandsmåla vert fylgt opp. Det er og grunn til å minne om den todelte målsettinga i forliket. Det må på plass løysingar som gjer det mogleg med sauehald og i rovdyrområda. Eg vil streka under at det i dei prioriterte beiteområda ikkje skal være rovvilt som utgjer eit skadepotensial. Det er derfor alvorleg når det ikkje blir gjeve fellingsløyve i situasjonar der beitedyr kan verte truga.

Landbruk og politikk 2013

Partilandskap i landbrukspolitikken

Det er no vel et år til neste stortingsval. Handsaminga av landbruks- og matmeldinga viste ein tydeleg skilnad mellom regjeringspartia og KrF på den eine sida og H, V og FrP på den andre. Høgre la som varsla fram ei eiga ”motmelding”. Det er ikkje tvil om at politikken til desse partia på ein rekke områder går på tvers av Bondelagets syn. Dette gjeld grunnleggjande områder som sjølvforsyningsgrad, importvern, marknadsregulering, forhandlingsinstituttet, bruksstruktur og konsesjons- og eigedomspolitikk.

Norges Bondelag er partipolitisk nøytralt. *Men Bondelaget er ikke nøytralt når det gjeld landbrukspolitikk og næringas rammevilkår!* Det er heilt sentralt for Bondelaget å arbeida for størst mogleg gjennomslag for vår landbrukspolitikk – i alle parti, og overfor alle regjeringskonstellasjonar. Bondelaget vil ha tydelege meiningar om den landbrukspolitikken partia ynskjer å føre.

I løpet av våren 2012 har me gitt innspel til programkomiteane i alle politiske parti. No må prosessen følgjast opp fram mot partia sine landsmøter våren 2013. Både lokalt og i fylkeslaget er det fullt mogleg å påverke dei prosessane partia sjølve skal ha fram mot eigne landsmøte.

Alle partia har mange formuleringar om landbruks- og matpolitikk i sine valprogram. Dei endelige formuleringane i dei ulike programma kan få mykje å seie for næringa sine rammevilkår, uansett utfall av valet. Det er i næringa si interesse å få så god landbrukspolitikk som råd i alle parti. *Norges Bondelag må difor vektleggje innspel til - og oppfølginga av - parti-programma tyngre enn vi tidligare har gjort.*

Fram mot valet vil me synleggjere den landbrukspolitikken partia går til val på. Dette må me gjere sentralt, men det er nok enno viktigare i fylka der stortingsrepresentantane faktisk blir valde. Me vil òg synleggjere kor kvar av kandidatane står i landbrukspolitikken. Så får folk avgjera sjølve kven dei vil røyste på.

Kampen om verkelegheitsforståinga

Eg var så vidt innom kulturredaktør Åmås i Aftenposten, som 10. mai skreiv: ”*Det finnes et populistisk og ensidig syn på norske bønder i overraskende mange miljøer i dette landet, særleg i urbane, antatt liberale kretser: På svakt faktagrunnlag hevdes det at bøndene har ”suge-*

rør i statskassa”, at de er oversubsidiert og ulønnsomme. Og at Norge likevel har ”verdens dyreste mat”. Det stemmer ikke. Tilskuddene utgjør en stadig mindre del av statsbudsjettet.... Når vi tar hensyn til levestandard og forbruksnivå, bruker nordmenn mindre av inntekten på mat enn nesten noen andre i den rike del av verden.” Åmås sitt innlegg er ikkje dagleg kost og er grunn til å verdsette høgt. Dei haldningane Åmås skriv om er diverre ikkje uvanleg å møte hjå samfunnsseliten. Me må ta dette på alvor og gjere meir for å lyfte matproduksjon fram som ein viktig del av næringslivet. Kvar tiande bedrift i Norge er ein landbruksbedrift og næringsmiddelindustrien er Norges nest største industri. Eg trur òg at vi påverkar haldningane til næringa gjennom tiltak som Open Gard, påskeaksjonen, bygdedagar, osb.

Som eg fleire gonger har vore innom: Me fekk gjennomslag for bodskapen om auka norsk matproduksjon! Men høgresida og marknadsliberalistane ser ikkje trøgen for politiske målsettingar som dette like tydeleg. Medvitet om at Noreg skal auke sin matproduksjon samstundes som folketalet stig, treng me å få langt sterkare inn hjå folk flest òg hjå toneangivande meiningsdannrarar.

Trass i brei politisk semje om overordna mål, vil andre meine at høgare matproduksjon kan løysast, til dømes gjennom auka fôrimport enno meir effektivisering av norsk produksjon og ”frislepp” gjennom å fjerne ei rekke reguleringar. I debatten om landbrukspolitisk kurs framover må Bondelaget være førande.

Eg meiner vi må:

- dokumentere og presentere fakta om *kva som skjer* i norsk matproduksjon
- forsterke og tydeleggjere argumentasjonen på *kvifor me skal produsere meir mat* i Noreg
- få fleire med på å *presentere argumenta*

Strategi for ny verkelegheitsforståing

Det overordna og verkelege bildet no er at det er langt fram før me når måla som landbruksmeldinga legg opp til. Me må våga å seia det klårt og tydeleg i frå, samstundes som det ikkje skal verta ei svartmåling og syting. Me i Bondelaget må fortelja om den kvar dagen medlemmane kjenner seg att i, og dei utfordringane næringa faktisk har. Nokre av desse er:

- svekka sjølvforsyning
- aukande import
- sinkande del av heimemarknaden l i industrien
- fallande totalareal i produksjon

Utan tydelege grep som påverkar fleire av desse trendane, *vil me ikkje kunne nå målet om å halde sjølvforsyninga på om lag same nivå som i dag Matproduksjonen vil faktisk kunne gå ned.*

Etter kvart ser mange andre òg denne utviklinga; skriv om det, lagar TV-program om det, bloggar om det. Målet med å dokumentere dei bekymringsfulle trendane for norsk matproduksjon, er å få fram ei verkelegheitsforståing som seier at me må ha ei *auka satsing på norsk landbruk. For å sikre positiv utvikling for landbruket framover, trengs det eit breitt politisk press gjennom å få folk flest med på eit krav om ein sterkare satsing på landbruket.*

Eg visar til temadebatten i morgen, og inviterar alle til friske innspel om korleis me best kan gjere denne viktige jobben.

Ein velfungerande organisasjon

Å drive organisasjonsarbeid er eit krevjande og langsiktig arbeid. Me ser at det somme stader kan være utfordrande å få folk til å stille opp som tillitsvalde. Det som er den viktigaste motivasjonen for å være tillitsvald, er å gjera en forskjell for bonden og sjå at politisk arbeid gjev resultat. Det er difor ekstra kjekt å kunne slå fast at Bondelaget har ein unik evne til å mobilisera når det røynar på. Eg trur det er mange som tykte det var godt å få seie klart i frå i år.

Me er ein *kunnskapsbasert* organisasjon, med kompetanse og evne til få gjennom saker i alle ledd. Det er viktig at politikarane og media møter same hovudbodskap uansett kor i landet dei er. Nye tillitsvalde kjem til og me må alltid ha fokus på god opplæring internt i bondelaget.

Bondelaget er òg ein *kamporganisasjon*. Ved brotet i jordbruksforhandlingane i år var det 12 år sidan sist gong me braut, og eg må innrømme at eg hadde ei viss uro i høve til organisasjonen si evne og vilje til å aksjonere. Men uroa mi var grunnlaus, medlemmane slutta heilhjarta opp om aksjonane, og me trakk til då det trengtes. Me fikk nesten 160 medlemmer frå brotet og ut mai månad, noko som er dobbelt så mange nye medlemmar som i same periode åra før. Dette tolkar eg som stor støtte i landbruket til at det var rett å ta eit brot i år.

Me trenar på å bruke den nye kommunikasjonsstrategien på leiarmøta i fjor haust. Å ha gode bodskap alle i organisasjonen kan framføre, er ein suksessfaktor i kommunikasjonsarbeidet. Eg meiner at heile organisasjonen bar preg av at me var godt førebudd på kommunikasjonsarbeidet i samband med aksjonane no i vår. At tillitsvalde på alle nivå frontar landbruksnæringa på ein så god måte, gjer meg stolt over å vere leiaren dykkar!

Norges Bondelag er 116 år. Det er ei utfordring å ikkje gro fast i gamle spor. Dei siste åra har to fornyingsutval sett på nye måtar å organisere bondelagsarbeidet på. Forsлага frå utvala har vore på brei høyring i fylkeslaga. Eit av forslaga frå fornyingsutvalet skal opp til handsaming i dette årsmøte, Føremålet er å gje representantskapsmøtet meir tid til å diskutere strategiar for framtida. Fornyingsutvala har òg fremja forslag som kan gjere årsmøtet meir levande. Styret har fylgt opp dette mellom anna gjennom å invitere til debatt og vedtak om strategien fram mot valet i 2013, og at de skal få vere med å sei dykkar meining gjennom SMS-røystingar under møtet.

Årsmøtet er Norges Bondelags høgaste organ. De som er utsendingar her er med på å utmeisle strategiane for tida som kjem. Bruk moglegeheten til å få fram dei sakene du er opptatt av!

Men det er ikkje berre her på årsmøtet diskusjonen går.. Diskusjonane internt i bondelaget går både i lokallag, fylke- og sentralt. Eg vil gjerne melde tilbake at det alltid er moro å komme ut og møte medlemmane. Diskusjonane er friske og eg får utfordringane rett over bordet. Me er ikkje alltid einige. Men bondelaget er den rette møteplassen for å få fram alle synspunkta, så får medlemsdemokratiet avgjere kva det endelege standpunktet i dei einskilde sakene skal vere.

I 2011 gjekk medlemstalet i Norges Bondelag ned for fyrste gong sidan 2002. Det er ei stor utfordring å sikre at ALLE som er bønder i Noreg skal ha blitt spurd om dei vil være medlemmer i Norges Bondelag. Seinare i årsmøtet skal vi presentere ei ny vervekampanje som utfordrar kvar og ein til å verve nye medlemmar. Kampanjen har fått namnet ”tørre å spørre”, rett og slett fordi me veit at me ikkje er flinke nok til å spørje andre om dei vil verte medlem i fellesskapen i Norges Bondelag. Tør du spørje ?? Vil du være med på å gjera denne viktige jobben?

Bonden er gardenes viktigaste ”innsatsfaktor”. Norges Bondelag arbeidar for at garden skal vera ein sikker arbeidsplass og ein trygg å god buplass. Difor er HMS-kampanjen, ”**Trygghet og helse i landbruket**” viktig for oss. Kampanjen skal være til praktisk nytte for drifta og for helsa til oss som har arbeidsplassen vår i landbruket. Kampanjen skal gje oss meir kunnskap. Kunnskap bidreg til redusert risiko og til å oppdaga faresituasjoner i tide. Alt for mange døyr eller skadar seg alvorlig i vår næring. Slik kan det ikkje fortsetja. Difor må me ta grep for å gje arbeidsplassen vår sikrare.

Det fortener me – familien vår og dei tilsette. Det er viktig for å få rekruttering til yrket og det er avgjerande for næringas omdømme. Me må reisa heim å ta tak i dette. Det skal me få til sammen med dei andre organisasjonane i næringa. Me vil at ein i fellesskap laga til møter i alle kommunar der praktisk sikkerheit er tema. Me må få dette til, ei kvar ulykke er ei for mykje!

Internasjonale tilhøve

La oss til slutt løfte blikket ut over Noreg sine grenser. Eg sa det i fjar og året før, og sikkert året før der òg : Verda treng meir mat, og me har rett og plikt til å produsere vår del. Fordelinga mellom dei rike landa og dei fattige må bli betre. 20 år etter at verdsleiarane møttes i Rio har framleis nær 1 milliard menneske for lite mat. Det er heilt uakseptabelt. Når politikarane møtes igjen i slutten av månaden i Rio, vonar eg dei klarer å kome fram til eit slutt dokument som skapar ny giv for kampen mot svolt og fattigdom, og for eit betre miljø.

Noreg er naturlegvis ikkje ein stor bidragsyta for å redusere svolt i verda. Men me har rett og plikt til å produsere mat til vårt eige folk. Naturlegvis skal me handle med mat. Noreg importerer allereie meir enn halvparten av det vi treng. Men det blir ikkje mindre svolt i verda om Noreg i enno større grad skal gjere seg avhengig av verdsmarknaden for å brødfø våre eigne . Eg trur basisen for matsikkerheit må ligge i den nasjonale produksjonen. Det aller meste av verdas mat vert spist i same land som det vert produsert. Difor ligg nøkkelen i den nasjonale produksjonen. Og difor må dei internasjonale handelsreglane ikkje undergrave moglegheitene for å produsere mat for nasjonalt forbruk. Alle land må ha ein rett og plikt til å produsere mat for sitt eige folk. Men då må tilhøva leggast til rette for det, både gjennom eit fungerande tollvern og inntekter som gjer det mogleg å leve av produksjonen.

Tilhøva for å drive landbruk varierer mykje rundt omkring i verda. Det er nettopp noko av det som kjenneteiknar landbrukssektoren. Ein storleik passar ikkje alle. Difor er utfordringane ulike i ulike deler av verda. Men likevel har verdas bønder mykje til felles. Stadig fleire ser nytten av å organisere seg i ein felles organisasjon, og snakke med ei felles stemme. Verdsbondelaget, WFO, der både Norges Bondelag og Norsk Landbrukssamvirke er medlemmer, hadde generalforsamling sist veka. Då sto både matsikkerheit, klima og kjedemakt på dagsordenen. Kjende tema òg i vår eigen debatt her på berget. Berit Hundåla sit i styret for Europa i verdsorganisasjonen. Me har òg vore så heldige å få presidenten, Robert Carlson, hit til Lillehammer. Han vil heilt sikkert kome inn på desse felles utfordringane til verdas bønder i sitt innlegg seinare i dag.

Avslutning

Eg ser fram til ein god årsmøtedebatt. Det er ein av dei viktigaste arenaene me har i Bondelaget, både for å ta lærdom av det som vart gjort i året som gjekk og ikkje minst for å stake ut den politiske og organisasjonsmessige kurset vidare.

Me har bak oss eit innhaldsrikt og krevjande år. Eg vil òg avslutningsvis takke dykk igjen for innsatsen! Styret og fylkesleiarane ga god støtte i prosessane i forhandlingane. Berit og Brita har òg i år stått fjellstøtt og vært til uvurderlig hjelp for meg.

Brotet i mai synte både oss og omverda at me er ein sterk organisasjon. Me fekk fram bodskapen om at norsk mat i butikkane ikkje er noko sjølvsgatt. Det er skapt eit politisk press den raudgrøne regjeringa må svare på om dei skal vinne valet til neste år. Vår oppmading er at dei lyttar til folkerøysta.

Det å være bonde er eit meiningsfullt arbeid. Til slutt så vil eg seie; økonomi har aldri vore den viktigaste drivkrafta for å bli bonde. Me skal jobbe hardt for at økonomi heller ikkje blir den viktigaste grunnen til ikkje å bli bonde.

God debatt! Godt årsmøte! Og takk for at de ville lytte!